På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:
A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, F.M.Ervik, S. Aadland

Internasjonalt på Haga

Det er måndag kveld og frå kjøkenet i Haga-kyrkja kjem det sivande ut god matlukt. Der er det ein nokre damer som driv og steller i stand til måltid.

På menyen denne kvelden står spansk omelett. Det er ei blanding av ymse grønsaker, poteter og egg steikt i form i omnen.

Damene på kjøkenet er med i Internasjonal matklubb i Samnanger. Det var folk frå Diakoninemnda i kyrkja som starta opp denne klubben for ein del år sidan. Det skulle vera eit tilbod til innvandrarane i kommunen, ein stad der dei kunne samlast uformelt til mat og prat. I byrjinga var det med nokre frå Bosnia og Afghanistan, men etter kvart har det kome med folk frå andre land òg, mellom anna Thailand, Eritrea, land i Europa og no også frå Syria. Nett denne måndagskvelden var det ikkje så mange som var til stades, men både Thailand, Belgia og Polen var representerte.

Anette Hyttel er leiar for klubben no, men med seg har ho også Eva Hellevang som har vore med heilt frå starten. Dessutan er Shirin Kvernes Khadoor med no. Ho snakkar litt arabisk og er god å ha som tolk for dei syriske flyktningane. Denne måndagskvelden var Anette borte så Eva hadde ansvaret. Ho fortel at målet med klubben er å hjelpa dei som kjem til bygda med å finna seg til rette og ha nokon å snakka med. Det ser det ut til at damene set pris på. Dei synest det er fint å ha ein slik plass der det er sosialt og uforpliktande å vera, - ein friplass. Her kan dei snakka saman og såleis øva seg i norsk, men også ta opp ting dei lurer på. Det er mykje som er ukjent i eit nytt land.

Det er somme som meiner at dette tilbodet burde vore ope for alle, men Eva peikar på at det er viktig at gruppa ikkje vert så altfor stor. Ho er redd for at ein då ville missa noko av det trygge og nære i ei mindre gruppe.

Justina og Apple har salaten klar

Og sidan det heiter «matklubb» så er sjølvsagt maten viktig! Ansvaret for rettane går på omgang og då vert det sjanse til å få smaka på rettar frå mange ulike land.

Marijke og Justina kosar seg med maten.

frå kyrkjeboka

Døypte

26.02.
- Olai Herfindal Ådland
- Emilio Alexis Dahle Castexs
- Even Tømmerbakk

02.04.
- Augustin Hope
- June Cosima Aihonen

Døde

21.02.
Margot Hanna Gjerde

01.03.
Randi Helen Aursnes

02.03.
Arnhild Oddbjørg Rolland

Vigde

04.03.
Jan-Ove Solberg og Jeanette Njøten Solberg

For dei song- og musikk-glade

1 Lutherfest

Førstkomande fredag, 7. april, vert det Lutherfest i kyrkja på Ådland. Konserten vert i høve 500-årsjubileet for reformasjonen, og heiter «Vår Gud han er så fast ei borg». Her er Luthersalmar i ulike variasjonar – både gjennom song og musikk. I tillegg får me høyra eit koralforspel av Bach. To nye komposisjonar av Eilert Tøsse vert framført, den eine er tone til ein heilt ny salme laga til reformasjons-jubileet av Eivind Skeie. Konserten er også ein del av ei konsertrekkje i høve komponistforeininga sitt hundreårsjubileum. Kantorane Anne Lise, Eilert Tøsse og Iman de Zwarte vert med, i tillegg til Tysse og Nordbygda musikklag. Soknepresten David Vogel fortel om Luther og Solvor Aadland les dei bibeltekstane salmane er laga over. Konsertlyden får også vera med på salmesongen, om dei vil! Dette vert flott!

Korsong 2

Laurdag 22. april, kjem jentekoret Pastorale frå Litauen og skal syngja saman med mannskoret Laudamus frå Kvam. Her eg både nasjonale songar frå dei to landa, og litt av kvart elles. Kora har kvar sin avdeling med song og eit fellesnummer. Det skjer i kyrkja på Haga. Her får me korsong på sitt beste, kjenner me aktørane rett. Me gler oss!

3 Kulturveke

3.-11-juni vert det kulturveke i Samnanger. Kyrkja vert også ein del av denne feiringa. Det vert fest og høgtid med gudsteneste pinsdag, dagen etter vert det sætrastemne på fjellet med ekstra kulturinnslag, og Sigvart Dagsland vil halda konsert i ei av kyrkjene våre om kvelden. Noko å sjå fram til! Meir info vil koma etter kvart.

Følg med på lysingar i Samningen for nærare informasjon.